

## **KUNSTORDNINGA FOR OFFENTLEGE UTEROM (URO)**

Utfyllande avgjærder til vedlegg til retningslinjer fastsett av Kulturdepartementet 8. november 1999, fastsett av KORO 12. januar 2015.

### **Pkt. 1 Formål**

Ordninga skal legge til rette for produksjon og formidling av kunstprosjekt av høg kunstnarisk kvalitet i uteområde og andre offentlege rom.

Ordninga skal bidra til øka kunnskap om og interesse for kunst i offentlege rom.

### **Pkt. 2 Kva kan ein søke om?**

Statlege, regionale og lokale styresmakter, institusjonar og organisasjonar, kuratorar, produsentar og kunstnarar kan søke om:

#### **1) tilskot til kunst:**

- forprosjekt (planlegging og utvikling av kunstprosjekt)
- planlagde kunstprosjekt (tilskotet frå KORO dekker normalt inntil 50 % av totalkostnaden til prosjektet)
- formidling av kunstprosjekt

Ein kan også søke om kompetansebistand frå KORO til produksjon eller samproduksjon.

#### **2) tilskot til faglege tiltak som fremjar kunnskap og kompetanse innanfor verkeområdet til ordninga.**

### **Pkt. 3 Søknadsfrist**

Utdelinga blir publisert på nettsida til KORO. Søknadsfristen er normalt 1. februar kvart år.

### **Pkt. 4 Krav til søknaden**

Ein skal nytte elektronisk søknadsskjema. Søknaden skal mellom anna innehalde:

- opplysningar om prosjektansvarleg
- opplysningar om eigarforhold og drifts- og forvaltningsansvar
- prosjektplan som viser framdrift og budsjett med dokumentert finansieringsplan
- plan for organisering, drift, formidling og dokumentasjon av kunstprosjektet
- eventuell skildring av behov for produsentbistand

### **Pkt. 5 Søknadsbehandling**

Søknadene blir behandla av eit sakkyndig utval utnemnt av KORO. Utvalet har tre medlemmer, to eksterne og ein frå staben til KORO. Utvalet sit i to år.

### **Pkt. 6 Tidelingskriterium**

I vurderinga av søknadene blir det lagt vekt på:

- høg kunstfagleg kvalitet
- kunstnarisk, kulturelt og geografisk mangfold

- produksjons- og formidlingsformer som involverer fleire samarbeidspartnarar og publikumsgrupper

### **Pkt. 8 Klagetilgang**

Feil ved saksbehandling, rettsbruk og faktagrunnlag kan klagast inn til Kulturdepartementet. Ein kan ikkje klage på den kunstfaglege vurderinga. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komme fram. Klaga skal sendast til KORO.

### **Pkt. 9 Gjennomføring**

Gjennomføringsmodell varierer avhengig av typen kunstprosjekt og samarbeidande instansar. I kunstprosjekt der KORO er produsent, blir prosjektleiar normalt utnemnt av KORO. Som produsent har KORO ansvar for prosjektleiing, organisering, formidling og dokumentasjon av prosjektet. KORO tar vare på dei sikkerheitsmessige, tekniske og faglege rammevilkåra for produksjonen.

### **Pkt. 10 Rapportering og utbetaling av tilskot**

Seinast tre månader etter at tiltaket er gjennomført, skal mottakaren av tilskotet sende inn ein rapport om gjennomføringa av tiltaket med rekneskap.

Tilskotet blir utbetalt i to omganger: 90 % når prosjektansvarleg har undertekna på eit eige godkjenningsskjema med KORO sine vilkår for løyvinga, og 10 % etter at endeleg rapport er godkjend av KORO.

### **Pkt. 11 Endringar av føresetnadene**

Dersom prosjektet eller føresetnadene i produksjonen blir endra, kan KORO revurdere tilsegnar si. Dersom mottakaren ikkje nyttar tilskotet etter føresetnadene, kan KORO krevje at utbetalte tilskot blir betalt tilbake.

### **Pkt. 7 Vedtak**

KORO skal informere søkerane skriftleg om vedtaket. Avslag skal vere grunngitte.